



BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 13.06.2017

Vår ref.: 2014/673-346

Saksbehandlar: eliwarr

Dykkar ref.:

Att. Torslett, Mette

Kulturminneplanarbeid i Hordaland 2017 - Underretting om tildeling til Bergen kommune

Det vert vist til dykker søknad dagsett 17.02.2017 om tilskot til kulturminneplanarbeid i 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka på møte den 16.05.2017, sak 75/2017.

Utvalet vedtok å tildele dykk **kr 100 000,-** i tilskot til kulturminneplanarbeid.

Grunngjeving

For 2017 var det 22 søknader og kr 1.400.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 1.500.000,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Det har vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkerar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har etter ei samla vurdering funne grunnlag for å prioritere dykker søknad om tilskot til arbeid med kulturminneplan. Bergen kommune er i startfasen av arbeid med kulturminneplan. Planprogram skal ut på høyring våren 2017. Bergen kommune har ikkje tidlegare fått støtte frå fylkeskommunen gjennom KIK-prosjektet. Bergen kommune bidrar sjølv med betydelig eigeninnsats og midlar til kulturminneplanarbeid.

Informasjon om samarbeidstiltak

I prosjektet *Kulturminnekompesitanse i kommunane 2013-2016* samarbeider Hordaland fylkeskommune i nettverk med kommunane og musea for å utvikle felles kulturminnekompesitanse. Vi vil sende ut informasjon om felles aktiviteter (samlingar, kurs mv) og ser fram nærmere kontakt med kommunen dei neste åra. Vi tek gjerne i mot innspeil om kva kommunen treng for å gjennomføre og ferdigstille kulturminneregistreringar og planarbeid. Vår kontaktperson er seniorrådgjevar Elizabeth Warren - eliwarr@hfk.no.

Vikår for tilskotet

Det vert stilt krav om:

- Prosjektplan for gjennomføring av kulturminneplan fram til vedtatt plan
- Førebelsrapportering til fylkeskommunen om utført arbeid innan 01.12.2017
- Innlegging av prioriterte kulturminne i kommunen i Askeladden

- Kommunen pliktar å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom prosjektet ikkje kan gjennomførast etter planen. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen. Fylkeskommunen tek etterhald om at midlane kan krevjast tilbake, heilt eller delvis, dersom prosjektet ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

Utbetalning

Utbetalning av tilskot skjer gjennom elektronisk faktura i EHF-format.

Elektronisk fakturaadresse: 9908:938626367

Ressursnr: 10608

Beløpet vil bli utbetalta når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking: **saksnummer 2014/673 og ressursnr 10608**. Dette må skje seinaste 01.10.2017. De har ansvar for å kontrollera at utbetalta sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalta tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering og kontroll

Rapporten skal sendast til hfk@hfk.no og merkast med **saksnummer 2014/673**.

Førebelgsrapportering til fylkeskommunen om utført arbeid innan 01.12.2017

Endelig rapport og rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av prosjektet som inkludere:

- Gjennomført arbeid
- Tal på nye kulturminne/kulturmiljø som kommunen har registrert i Askeladden
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering
- Eventuelle avvik frå vilkåra eller søknadsgrunnlag med nærmare grunngjeving

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klaga skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjera.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjera Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.